

Besøk vår nettside:  
[www.avisiskolen-ho.net](http://www.avisiskolen-ho.net)

AVIS I  
SKOLEN  
HEDMARK/OPPLAND



La Pierre  
sko og vesker

Litt annerledes!

Bestill i vår nettbutikk  
[www.skobutikklapierre.no](http://www.skobutikklapierre.no)  
eller stikk innom i  
butikken vår i  
Brugata 25 i Ringebu  
og se alle de nye  
mote trendene!

# Engelsk, fransk og nynorsk

**Kva er sammenhengen mellom engelsk, fransk og nynorsk, lur du kanskje på. Det skjønner ein eventuelt når ein nemner Noreg og Canada.**


Når ein nemner Amerika, vil mange truleg automatisk tenkje på USA og engelsk. Nokon vil kanskje komme på at ein skil mellom Nord-Amerika og Sør-Amerika, og at ein i Sør-Amerika blant anna har språk som spansk og portugisisk. Nemner ein fransk som språk, vil truleg færre tenkje på Amerika. Ein vil først og fremst tenkje på Frankrike, og nokon vil kanskje tenkje på nokon afrikanske land som bruker fransk som eitt av språka..

Men sjølvsagt vil det også vere nokon som tenkjer på Canada når

det er snakk om fransk. Ein har jo t.d. Quebec, der fransk er det offisielle skriftspråket. Quebec er ein provins i Canada. Dette kan til ein viss grad samanliknast med at t.d. Sogn og Fjordane er eit fylke i Noreg. Canada består av ti provinser og tre territorium, og fordelinga av engelsk og fransk som offisielle språk er ifølgje Wikipedia 60 % versus 23 %.

Så kan ein spørje seg: Er dette unormalt? Er dette eit problem? Er dette dyrt? Er fransk bra å bruke i lyrikk, men ikkje til kvardags? Blir nokon skuletapparar av at det finst fleire språk i landet? Burde fleirtalet få mindretalet til å gå over til å bruke engelsk som einaste offisielle språk?

Sjølvsagt ikkje! Men i Noreg er



**SPRÅK:** Blir nokon skuletapparar av at det finst fleire språk i landet?

Illustrasjonsfoto

det mange som meiner at bokmål bør vere det einaste offisielle skriftspråket. Noko å tenkje over?

Jens Haugan,  
Hamar  
Austmannalaget